

KOMMUNEPLAN FOR VIK

KOMMUNE

2024-2035

AREALDEL –

FØRESEGNER OG RETNINGSLINJER

Vedteke av Vik kommunestyre

04.11.2024

Føresegnene er utarbeida i samsvar med pbl §§ 11-7 og 11-8. Saman med plankartet er dei **juridisk bindande for framtidig arealbruk og nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak** (pbl § 11-6).

Føresegnene inneheld både generelle føresegner som gjeld for alle eller fleire arealbruksføremål, og særskilte føresegner knytt til det enkelte arealbruksføremålet eller til omsynssoner.

Føresegnene gjeld ikkje for område der eksisterande reguleringsplan skal gjelda framfor kommuneplanen (omsynssoner etter § 11-8,f).

Avvik frå føresegnene skal handsamast som dispensasjon.

1. Generelle føresegner, jf. pbl § 11-9	2
2. Bygningar og anlegg, jf. pbl § 11-7 nr. 1.....	7
3. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, jf. pbl § 11-7 nr. 2	13
4. Grønstruktur, jf. pbl § 11-7 nr.3	14
5. Landbruks- natur- og friluftsområde, jf. pbl § 11-7 nr. 5	15
6. Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone, jf. pbl § 11-7 nr. 6.	17
7. Omsynssoner, jf. pbl § 11-8 a-f	18
8. Retningslinjer.....	23
9 Føresegnsområde	25

1. Generelle føresegner, jf. pbl § 11-9

1.1 Krav om reguleringsplan, jf. pbl 11-9 nr.1

Areal sett av til bygg og anlegg etter pbl § 11-7 nr.1, og samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur etter pbl § 11-7 nr. 2 skal inngå i ein *reguleringsplan*, før tiltak som krev søknad og løyve etter pbl §§ 20-1 og 20-2 er tillate, når ikkje anna er sagt under det enkelte føremål. Dersom arealet vert vurdert til å ha eit større potensial for vesentlege naturmangfaldverdiar, skal desse vere kartlagde og om naudsynt sikrast i samband med reguleringsplan for nye utbyggingar. Om naudsynt skal det gjennomførast oppdatering av eksisterande kartleggingar.

1.2 Utbyggingsavtalar, jf. pbl § 11-9 nr. 2

Utbyggingsavtale etter pbl. § 17 mellom kommunen og grunneigar eller utbyggjar kan nyttast i heile kommunen i samband tiltak som forutset bygging av anlegg til offentlege føremål eller tilpassing til slike anlegg. Avtale skal ha grunnlag i vedteken kommunal arealplan. Avtale kan innehalda føresegner om vegar og parkeringsplassar, grønstruktur og friluftsområde, VAR-løysingar og forkjøpsrett.

1.3 Rekkefylgjekrav, jf. pbl § 11-9 nr. 4.

Areal sett av til bygg og anlegg jf. pbl § 11-7 nr. 1 kan ikkje takast i bruk før det er etablert trafiksikker vegtilkomst for alle trafikkantar og i tråd med vegnormalane, vassforsyning, avlaupsanlegg samt energiforsyning er etablert.

1.4 Utnyttingsgrad, jf. pbl § 11-9 nr. 5

I område der det ikkje er fastsett anna utnyttingsgrad i gjeldande planar, er maksimum utnyttingsgrad 25 % BYA.

1.5 Byggegrense langs sjø og vassdrag, jf. pbl § 11-9 nr. 5.

Byggegrense i strandsona er 100 meter dersom ikkje anna er fastsett i reguleringsplan eller kommuneplan.

For areal i strandsona sett av til naust i reguleringsplan eller kommuneplan er byggegrense 0 meter frå strandlina.

For byggeområde i Vik sentrum er byggegrense til sjø og vassdrag gjeve i tabell under :

Byggeavstand	Område. (Plan -ID for reguleringsplan i parentes)
10m	Vik sentrum (alle føremål i kommuneplanen med 2-tal. T.d. B2, N2, SF2, etc.)

For nye tiltak innanfor byggegrensene gjeld elles søknadspåkt slik det går fram av kap. 20 i plan- og bygningslova.

1.6 Skilt- og reklameinnretningar, jf. pbl § 11-9 nr. 5.

Skilt og reklameinnretningar kan berre setjast opp etter løyve frå Vik Kommune.

Løyve kan berre gjevast mellombels eller for eit nærare avgrensa tidsrom.

I bustadområde er reklameinnretningar ikkje tillate.

Elles skal pbl. § 30-3 gjelda.

I kommunen si *vurdering* av om skilt og reklameinnretningar er i samsvar med pbl. § 30-3, skal Vik Kommune sine *Retningsliner for skilt og reklameinnretningar* leggjast til grunn.

For reklame langs Rv. 13 skal det søkjast til Statens vegvesen.

1.7 Universell utforming, jf. pbl §§ 1-1 og 11-9 nr. 5.

Prinsippa om universell utforming skal leggjast til grunn for planlegging og opparbeiding av bygningar og anlegg for å sikra tilgjenge til bygningar og uterom for alle.

Viktige utandørs gangsamband skal vera trinnfrie med største stigning 1:12, så langt terrenget gjer det mogeleg.

Stigning på gang- og/eller sykkelveg skal vere i samsvar med N100 Veg- og gateutforming KRAV 4.2.1.2-3.

1.8 Byggegrenser langs høgspenninger, jf. pbl § 11-9 nr.5

Høgspenninger er viste på planen som linjesymbol Sosi-kode 1167.

Det er varslingsplikt for arbeid (t.d. sprengingsarbeid, anleggsarbeid og skogsarbeid) innanfor 30 m frå høgspenninganlegg. Alt arbeid innanfor denne 30 m-bufferen skal varslast leidningseigar minimum 6 veker før planlagd oppstart av arbeidet.

Avstandar for nye tiltak under er målt horisontalt ut frå straumførande linje.

Spenningsnivå	22Kv	66Kv
Minste byggeavstand	6.0 m	6.2 m
Krav om ROS-vurdering for bygningar for varig opphald nærare enn - - (jf.. Statens strålevern: « Bolig nær høyspentanlegg»)	18m	25m

1.9 Mellombels og flyttbare konstruksjonar og anlegg, jf. pbl § 11-9 nr. 6.

Plassar for oppstilling av bubilar og campingvogner med tilknytte fortelt og liknande kan berre etablerast og opparbeidast etter godkjent reguleringsplan.

1.10 Omsyn til klima og miljø, jf. pbl § 11-9 nr. 6.

Uavhengig av arealføremål skal ein ivareta funksjonen til areal med høg verdi for lagring og binding av karbon.

Matjord som vert omdisponert skal takast hand om på ein slik måte at den kan nyttast til attendeføring eller nydyrking.

1.11 Estetikk, landskap og kulturmiljø, jf. pbl § 11-9 nr. 6.

Utforming av tettstadrom og bygningar skal ivareta samanheng med omkringliggende landskap, stadens historiske strukturar og kulturminne.

1.12 Naturverdiar, kulturminne og kulturmiljø, jf. pbl § 11-9 nr. 7

Ved tiltak i område med registrert natur-/kulturverdi der det ikkje ligg føre plankrav, skal regional kulturminneforvaltning ha saka til vurdering før vedtak vert fatta. Område med natur- og kulturverdiar som vert vurdert som verdfulle kulturlandskap skal ivaretakast og forvaltast slik at kvalitetane i landskapet vert styrka. Det skal leggjast vekt på god stad- og landskapstilpassing ved oppføring av nye bygningar og anlegg. Omsynet til landskap, jordvern, kulturminne og kulturmiljø skal ivaretakast. Særskild for større tiltak som grensar til KULA-

område, bør det leggjast vekt på å klårgjere konsekvensane for landskap og om naudsynt innarbeide avbøtande tiltak.

Kulturminne og kulturmiljø skal vera ein integrert del av planlegging og søknad om tiltak. I all arealplanlegging skal kulturminnemiljø dokumenterast, og det skal visast til korleis ein har søkt å ivareta dette gjennom planframlegg og plantiltak.

Bygningar, strukturar eller miljø som har kulturhistorisk verdi skal i størst mogleg grad varetakast i handsaming av plan og byggjesaker. Ved søknad om riving av bygningar, anlegg eller miljø som har særleg kulturhistorisk verdi, skal saken til uttale hos antikvariske mynde i fylkeskommunen.

Retningslinje: Kulturminneplan for Vik kommune, vedteke 22.11.2018 og rapporten Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA) i Sogn og Fjordane (2024), skal leggast til grunn ved vurdering av planar eller ved søknad om tiltak. Det bør leggjast avgjerande vekt på å ivareta desse interessene.

1.13 Driveplikt, jf. pbl § 11-9 nr. 7

Der jordbruksareal (fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite) er avsett i kommuneplanen til anna føremål enn landbruksdrift, gjeld driveplikta i samsvar med jordlova inntil areala vert tekne i bruk til nytt formål.

1.14 Handtering av overvatn, jf. pbl § 11-9 nr. 8

Handtering av overvatn skal vere eit utreiingstema i alle planar for utbygging.

Det skal dokumenterast at avrenninga og avrenningshastigheita ikkje aukar som følge av tiltaket. Klimaframskrivingar skal leggjast til grunn for planlegginga.

Konkrete løysingar skal skje innanfor planområdet og løysinga skal sikrast gjennom rekkjefølgjekrav. Lokalisering av fordrøyning skal gå fram av plankartet.

Terreng- og overflateutforming, grønstruktur, vegetasjon og overvasshandtering skal samordnast og løysingane skal omtalast. Det er eit mål at overvasshandtering kan gje nye bruksmessige og visuelle kvalitetar, samstundes som det naturlege kretsloopet til vatnet vert oppretthalde og at sjølvreinsingsevna til naturen vert utnytta (fleirfunksjonelle løysingar).

Bevaring, restaurering eller etablering av naturbaserte løysingar (slik som eksisterande våtmarker og naturlege bekkar eller nye grønne tak og veggjar, kunstige bekkar og basseng m.m.) skal vurderast. Dersom andre løysingar vert valde, skal det grunngjevast kvifor naturbaserte løysingar er valt bort.

Sjå elles den kommunale VA-norma for utreiingstema og krav til løysingar.

1.15 Omsyn til mineralførekomstar, jf. pbl § 11-9 nr. 8

Det skal takast omsyn til registrerte mineralførekomstar ved alle byggetiltak.

Der førekomstar med byggjeråstoff kan verte råka, skal det vurderast korleis ressursane kan komme samfunnet til gode før den vert gjort utilgjengeleg for framtidige generasjonar.

1.16 Tilhøve til gjeldande reguleringsplanar, jf. pbl § 11-8, bokstav f.

Kommuneplanen gjeld framfor eksisterande reguleringsplan ved motstrid, med slike unntak:

- Reguleringsplanar viste som omsynssone H910 på plankartet
- Areal i eldre og gjeldande reguleringsplanar regulert til *spesialområde, verneverdig busetnad* etter §25 pkt. 6 i pbl av 1985

Arealføremål for gjeldande reguleringsplanar er generaliserte i plankartet til arealdelen. Arealføremåla for gjeldande reguleringsplanar i plankartet til arealdelen skal ikkje nyttast som avklarte planavgrensingar, t. d. ved revisjon eller utarbeiding av nye reguleringsplanar. Kommunen skal ved kvart einskild høve gjere ei konkret vurdering av om den aktuelle arealbruken er eigna for det aktuelle området, jf. pbl §§ 1-4, 12-8 og 12-9.

1.17 Støy, jf. pbl § 11-9 nr. 3

Støy skal utgreiast i samsvar med tilrådingane i rettleiar T-1442 ved planlegging av veg og søknad om ny støyfølsam busetnad, støyande anlegg eller verksemd.

Dei til ein kvar tid gjeldande grenseverdiane og kvalitetskriteria (kap. 1.2) i T-1442 skal leggjast til grunn for reguleringsplan og byggesak.



Tabell 1 Tilrådde støygrenser ved planlegging av ny støyende verksemd og bygging av bustadar, helsebygg, fritidsbustadar, skular og barnehagar. Alle grenseverdiar gjeld innfallande lydtryknivå (Kjelde: T-1442).

Støykilde	Støynivå utenfor vinduer i rom med støyfølsomt bruksformål og på stille del av uteoppholdsareal	Støynivå utenfor soverom, natt kl. 23 - 07	Støynivå utenfor vinduer i rom med støyfølsomt bruksformål og på stille del av uteoppholdsareal dag og kveld, kl. 07 - 23	Støynivå utenfor vinduer i rom med støyfølsomt bruksformål og på stille del av uteoppholdsareal lørdager	Støynivå utenfor vinduer i rom med støyfølsomt bruksformål og på stille del av uteoppholdsareal søn-/helligdag
Veg	$L_{den} \leq 55$ dB	$L_{SAF} \leq 70$ dB			
Bane	$L_{den} \leq 58$ dB	$L_{SAF} \leq 75$ dB			
Luftfart	$L_{den} \leq 52$ dB	$L_{SAS} \leq 80$ dB			
Industri med helkontinuerlig drift	Uten impulslyd: $L_{den} \leq 55$ dB Med impulslyd: $L_{den} \leq 50$ dB	$L_{night} \leq 45$ dB $L_{AFmax} \leq 60$ dB			
Øvrig industri,	Uten impulslyd: $L_{den} \leq 55$ dB og Levening ≤ 50 dB Med impulslyd: $L_{den} \leq 50$ dB og Levening ≤ 45 dB	$L_{night} \leq 45$ dB $L_{AFmax} \leq 60$ dB		Uten impulslyd: $L_{den} \leq 50$ dB Med impulslyd: $L_{den} \leq 45$ dB	Uten impulslyd: $L_{den} \leq 45$ dB Med impulslyd: $L_{den} \leq 40$ dB
Havner og terminaler	Uten impulslyd: $L_{den} \leq 55$ dB Med impulslyd: $L_{den} \leq 50$ dB	$L_{night} \leq 45$ dB, $L_{AFmax} \leq 60$ dB			
Motorsport	$L_{den} \leq 45$ dB	Aktivitet bør ikke foregå	$L_{SAF} \leq 60$ dB		
Skytebaner	$L_{den} \leq 35$ dB	Aktivitet bør ikke foregå.	$L_{AFmax} \leq 65$ dB		
Vindturbiner	$L_{den} \leq 45$ dB				
Nærmiljøanlegg	$L_{AFmax} \leq 60$ dB				

Tabell 2 Tilrådde støygrenser i ulike typar friområde, friluft- og rekreasjonsområde og stille område (Kjelde: T-1442).

Områdekategori	Anbefalt støygrense, ekvivalent støynivå	Anbefalt støygrense, maksimalnivå
Byparker, kirkegårder og friområder i tettbygd strøk	Se retningslinjens tabell 2, for uteoppholdsareal	Se retningslinjens tabell 2, for uteoppholdsareal
Sammenhengende grønnstruktur i tettsteder	$L_{den} 50$ dB	Motorsport: $L_{AFmax} 60$ dB Skytebaner: $L_{AFmax} 65$ dB Driftstidsbegrensninger bør benyttes
Sammenhengende nærfriluftsområder og bymark utenfor by/tettsted,	$L_{den} 40$ dB	Motorsport: $L_{AFmax} 60$ dB Skytebaner: $L_{AFmax} 65$ dB Driftstidsbegrensninger bør benyttes

2. Bygningar og anlegg, jf. pbl § 11-7 nr. 1.

Formålet omfattar, bustader, fritidsbustader og naust, offentleg og privat service, forretningar, kontor- og næringsbygg, idrettsbygg, andre bygningar og anlegg samt råstoffutvinning.

2.1. Fellesføresegner

2.1.1. Fritak for reguleringskrav i eksisterande byggeområde, jf. pbl § 11-10 nr. 1

I heilt eller for det alt vesentlege utbygde område avsette til bygningar og anlegg etter §11-7, nr.1, kan det gjevast løyve til nye mindre byggetiltak utan regulering, dersom nye bygg kan nytta seg av eksisterande infrastruktur og transportsystem. Omfang er avgrensa til 1 bustad/fritidsbustad og/eller 200 m² BRA.

Nye bygg skal innpassast i eksisterande struktur, og underordne seg eksisterande bygg når det gjeld høgde, volum og grad av utnytting, og skal knyte seg til eksisterande tekniske anlegg.

Dersom bueininga er direkte tilknytt fylkesveg, skal tiltaket handsamast etter veglova før det kan gjevast løyve til tiltak. Tilkomst frå fylkesveg må vere utført i samsvar med N100.

2.1.2. Fritak for reguleringskrav for mindre tiltak, jf. pbl § 11-10 nr.1

På bebygd eigedom på areal sett av til bygningar og anlegg (§ 11-7 nr.1) kan kommunen gje løyve til mindre tiltak etter pbl § 20-2 pkt. a og b utan reguleringsplan. Dette gjeld tilbygg, påbygg, frittstående uthus/garasje, andre mindre anlegg som høyrer til bustaden/tunet/anlegget.

2.1.3. Føresegner for arealbruk i område avsette til Bygningar og anlegg, jf. pbl §§ 11-7 nr. 1 og 11-9 nr.1

Føremålet gjeld område med blanda arealbruk / fleire føremål, eller bruk som ikkje er dekkja av standardkategoriane.

	Område/felt	G/bnr.	Krav om reg. plan	Arealbruk. Merknader
BA1	Nese	64/62 m. fl.	Ja	Bustader, fritidsbustader, turisme, kaianlegg, forsamlingshus
BA1	Indrefjorden	60/2 m. fl.	Ja	Bustader, fritidsbustader og naust/kaianlegg
BA1	Kai Valsvik	59/47 mfl.	Ja	Offentleg kai
BA1	Osen, Framfjorden	59/47 m. fl.	Ja	Bustader, fritidsbustader, naust/kaianlegg
BA1	Rivingstomta til gamle talkmølla i Framfjorden, m.m.	51/2/1 m. fl.	Ja	Framtidig arealbruk avklarast i reguleringsplan. Eks. naust vidareførast. Aktuelt landareal for småbåthamn VA3
BA4	Hove Kraftverk	26/103 m. fl.	Nei	Kraftstasjon m. tilhøyrande anlegg
BA4	Refsdal kraftverk	21/23 m. fl.	Nei	Kraftstasjon m. tilhøyrande anlegg.
BA4	Målset kraftverk	0/0	Nei	Kraftstasjon m. tilhøyrande anlegg.
BA4	Limmesand	48/8 m. fl.	Nei	Bustader og næring
BA4.1	Limmesand aust	48/1	Nei	Bustader og næring

BA6	Osen i Feios	176/5 m. fl.	Ja	Bustad, forretning, kai/samferdsel, småbåthavn
BA7	Fresvik sentrum vest	137/8 m. fl.	Ja	Bustader, fritidsbustader, turisme, naust og kaianlegg

2.2. Bustadar, jf. pbl § 11-9, nr. 1.

Føremålet gjeld byggeområde for bustader med tilhøyrande teknisk anlegg, garasje, uthus, vegar, parkering og anna fellesareal.

2.2.1. Rekkefylgjekrav i reguleringsplanar, jf. pbl § 11-9 nr. 4.

Reguleringsplanar for bustadområde skal innehalde rekkefylgjekrav som sikrar at leikeplassar er opparbeidde og ferdigstilte før det kan gjevast bruksløyve for bustader.

Reguleringsplanar for bustadområde skal innehalde rekkefylgjekrav som sikrar at avkøyrslar og vegareal (inkl. fortau/gang- og sykkelveg) er godkjent før det kan gjevast bruksløyve for bustadar.

2.2.2. Utnyttingsgrad i nye område for bustader, jf. pbl § 11-9, nr.5.

Reguleringsarbeid for nye bustadområde skal leggja til grunn fylgjande utnyttingsgrad :

Bustadområde	Utnyttingsgrad: Tal bustader / daa, inkludert interne trafikkareal og fellesareal. Minimumstal.
Arnafjord B1-B1.9	0,5
Vik sentrum B2-B2.9	2,5
Tenål, Vik B3-B3.9	1,0
Resten av Vik hovudsokn B4-B4.9	0,5
Vangsnes B5-B5.9	0,5
Feios B6-B6.9	0,5
Fresvik B7-B7.9	0,5

2.2.3. Leikeareal i bustadområde, jf. pbl § 11-9 nr. 5.

Leikeareal skal vere store nok og eigna for leik og opphald heile året, og sikra mot støy, ureining, trafikkfare og annan helsefare. Leikeplassar skal vere sentralt plasserte i bustadområdet, med trygg tilkomstveg.

Det skal setjast av minimum 50 m² til leikeareal pr. bustadeining i område for frittliggjande bustader. I områder for konsentrert busetnad skal det setjast av minimum 25m².

Ved omdisponering av areal som i planar er avsett til fellesareal eller friområde som er i bruk eller er eigna for leik, skal det skaffast fullverdig erstatning. Erstatning skal også skaffast ved utbygging eller omdisponering av uregulert areal som born nyttar som leikeareal, jf. Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging, kap. 2, pkt. 5 e.

2.2.4. Krav til biloppstillingsplassar, jf. pbl § 11-9 nr. 5.

Det skal vere 2 biloppstillingsplassar pr. bueining, og bilar må kunne snu på eigen grunn, dersom ikkje anna vert fastsett i reguleringsplan.

2.3. Fritidsbustader, jf. pbl § 11-7 nr. 1

Føremålet gjeld byggeområde for fritidsbustader med tilhørende teknisk anlegg, garasje, uthus, vegar, parkering og anna fellesareal

Område for fritidsbustader er viste på plankart med områdenamn FB1-FB7.

2.3.1. Generelle føresegner for fritidsbustader, jf. pbl §§ 11-9 nr. 5, 6 og 7 og 11-10 nr. 2.

Når ikkje anna er fastsett i kommuneplanen eller godkjent reguleringsplan gjeld fylgjande:

- a. Bruksareal (BRA) for ein fritidsbustad er maksimum 120 m², inkludert evt. uthus og anneks, men utan areal til biloppstilling
- b. Største areal for hovudbygning er 100 m² BRA
- c. Anneks skal ha avstand mindre enn 6 m frå hovudbygning
- d. Taktekking skal vera av ikkje-reflekterande materiale. Solcelle kan likevel tillatast
- e. Største gesimshøgde skal vera 3,5 m, og største mønehøgde 6 m over ferdig terreng. Synleg del av grunnmur skal ikkje overstiga 1,0 m
- f. Framføring av evt. leidning for el/teleinstallasjonar skal skje i kabel lagt i bakken.
- g. Oppsetting av gjerde er ikkje tillate ut over naudsynt skjerming av inngangsparti for husdyr. Største inngjerda areal er 15 m²
- h. Gjerde skal vere utforma slik at dyr ikkje set seg fast. Straumgjerde er ikkje tillate
- i. Til kvar hytte skal det vera opparbeidd P-plass for min. 2 bilar, med godkjent avkøyrsløse frå offentleg veg. Avkøyringar skal haldast på eit minimum. P-plass kan vera felles for fleire hytter/brukarar
- j. Fritidsbustader skal i form, farge og materialbruk vera tilpassa og ta omsyn til omliggjande natur- og bygningsmiljø
- k. Skjering/fylling i samband med byggearbeid skal dekkast og tilsåast/plantast med stadeigen vegetasjon

2.3.2. Område FB1 Morki/Kråna, jf. pbl § 11-9 nr. 5 og 6.

Reguleringsplan skal ta særskild omsyn til registrert *prioritert naturtype* i området. I samband med regulering skal det gjerast undersøking/utgreiing av naturmangfaldet innfor naturtypelokaliteten.

Bygging skal avgrensast til maksimalt 10 nye hytter i heile området, og anlegg for tilhørende småbåtar/naust skal løysast som eitt, maksimalt to fellesanlegg

2.3.3. Område FB7.1 Skard, jf. pbl § 11-9 nr. 6 og 7.

Reguleringsplan skal ta særskild omsyn til ivaretaking av kulturlandskapet. Ved utarbeiding av ny plan skal omsyn til kulturlandskapet vere førande for storleik på fritidsbustadar, løysing for tilkomst til tomtene, samt form, farge og materialbruk på fritidsbustadane.

Ved utarbeiding av reguleringsplan skal det leggjast til grunn at det kan etablerast 1 fritidsbustad på kvar frådelte tomt, totalt 13 fritidsbustadar. Reguleringsplanen skal ikkje legge til rette for frådeling av fleire tomter innanfor føremålet.

Reguleringsplan skal også inkludere arealet for IDR7.1 .

2.3.4. Reguleringsplan for fritidsbustader, jf. pbl § 11-9 nr. 8

Reguleringsplan for fritidsbustader skal syna/gjera greie for:

- Kotehøgder, plassering av bygningar, avkøyrse, parkering og tilkomstveg til hyttene.
- Terreng og vegetasjon før og etter utbygging.
- Framføring/løysing av vassforsyning, avløp og evt. el/teleinstallasjonar

2.4. Sentrumsføremål, jf. pbl § 11-7 nr. 1

Føremålet gjeld sentrumsområde med tilhøyrande sentrumsfunksjonar som forretningar og kontorbygg, offentleg og privat service, bustad, turistformål, grøntområde og infrastruktur. Områda er viste på plankart med signatur: SF1 – SF7

2.4.1. Generelle føresegner for sentrumsføremål, jf. pbl § 11-9 nr. 5

I område for sentrumsformål er det tillate med kombinerde bygg for kontor/forretning/bustad. Ålment tilgjenge skal ha fortrinnsrett på gatenivå og skal vere planlagt i tråd med krav til universell utforming.

2.4.2 Føresegner for området utviding av sentrumsformål SF7.1 Fresvik

Ved all planlegging av tiltak i omgjevnadene til mellomalderkyrkjestaden skal det takast omsyn til det automatisk freda kulturminne og det skal i medhald av kulturminnelova § 3 vurderast om tiltak vil vere utilbørleg skjemmande. Tiltak skal leggjast fram for regionalt kulturminnemynde for vurdering.

Tiltak i omgjevnadane til kyrkjestaden skal ta omsyn til plasseringa til kyrkjestaden og verknadane i landskapet. Siktelinjer mot/frå fjorden og grøntdraget som strekk seg frå kyrkjestaden og ned til fjorden bør oppretthaldast.

2.5. Offentleg eller privat tenesteyting, jf. pbl § 11-7 nr. 1

Føremålet omfattar skule, barnehage, Bygg for helse og omsorg, samt kyrkjer og organisasjonseigde forsamlingslokale. Områda er viste på plankartet som T1-T7.

2.5.1 T4 Vange

Ved ev. utviding av Vik fengsel på felt T4 på austsida av Røysavegen, kan Røysavegen stengjast. Dette skal sikrast gjennom reguleringsplan.

Føresegnsområdet #2 markerer byggegrensa i ev. framtidig reguleringsplan. Det skal med omsyn til gravhaugane ikkje plasserast bygningar innanfor føresegnsområdet.

2.6. Fritids- og turistføremål, jf. pbl § 11-7 nr. 1

Føremålet omfattar hotell/pensjonat, utleiehytter, campingplassar, turisthytter. Områda er viste på plankartet som FTU1 – FTU7.

2.6.1. Generelle føresegner for campingplassar, jf. pbl § 11-9 nr 6.

Oppføring av bygningar og anlegg medrekna spikartelt og liknande er søknadspliktig etter pbl § 20-1 første ledd bokstav a.

2.6.2. FTU1.1 – Framfjorden, jf. pbl § 11-10 nr 1.

Arealet kan utan krav om reguleringsplan nyttast til oppstilling av campingbilar / campingvogner knytt til turistverksemd i sesong. Oppføring av bygningar og anlegg medrekna spikartelt og liknande er ikkje tillate utan at det er vurdert gjennom reguleringsplan. Ålmenta skal ha tilgang over arealet for tilkomst til elv og fjord.

2.6.3. FTU5 Tveit Camping

Føresegsområdet #1 skal sikre omsynet til gravhaugen (kulturminne-ID 120487) i nærare omgjevnad, spesielt med tanke på siktelinja ut fjorden. Det kan det ikkje oppførast faste installasjonar innanfor føresegsområdet. Telting er tillate.

2.7. Råstoffutvinning, jf. pbl § 11-7 nr. 1

Områda er viste på plankartet som RU1.

2.7.1. Krav om reguleringsplan og driftsplan, jf. pbl § 11-9 nr. 1

For område avsett til råstoffutvinning/ masseuttak eller vesentleg utviding av eksisterande uttak (over 10.000 m³) kan det ikkje setjast i verk arbeid eller tiltak som er nemnt i plan- og bygningslova kap. 20, eller gjennomførast frådelling til slike føremål utan godkjent reguleringsplan. Det skal også ligge føre *driftskonsesjon* med *driftsplan* innvilga av Direktoratet for mineralforvaltning (DMF). Reguleringsplan skal omfatte utgreiing av landskapsverknadar og setje krav til m.a. opprydding, tilbakeføring og etterbruk av området når drifta er avslutta. Driftsplan skal gjera greie for m.a. framdrift i driftsperioden og sikring.

I samsvar med minerallova er det krav om meldeplikt (til DMF) for uttak over 500 m³, og at uttak over 10 000 m³ krev driftskonsesjon.

2.8. Næringsområde, jf. pbl § 11-7 nr. 1

Føremålet gjeld område for etablering av næringsverksemd med tilhøyrande teknisk anlegg, vegar, parkering og anna fellesareal. Områda er viste på plankartet som NÆ1 – NÆ7.

2.8.1. Krav om etterbruk, jf. pbl § 11-9 nr. 4

Etterbruk av etablert areal for råstoffutvinning på g/bnr. 97/10 skal vere næringsareal, som del av område NÆ5.1.

2.8.2. Krav om buffersoner, jf. pbl § 11-9 nr. 6

Det skal etablerast *buffersoner* med vegetasjon mellom næringsområde og nærliggjande område for bustader og/eller offentlege føremål. Der buffersoner ikkje er avsette som eigne areal i reguleringsplan skal dei etablerast på areal avsett til næringsareal.

2.8.3. Generelle føresegner for NÆ4.1, jf. pbl § 11-9 nr. 1 og nr. 8

Området skal regulerast og nyttast til etablering og drift av grøn industri/næring med tilhøyrande verksemdar og støttefunksjonar

2.8.4. Generelle føreseger for NÆ5 Raudgjeret, Vangsnes og NÆ5.1, jf. pbl § 11-9 nr. 1 og nr. 8 & pbl § 11-10 nr. 2

Området skal regulerast og nyttast til etablering og drift av grøn industri/næring med tilhøyrande verksemder og støttefunksjonar.

Innanfor området som ligg i strandsona og i sjøen kan det etablerast industrikai. Kaia kan av omsyn til miljøverdiane i strandsona ha ei utstrekning som maksimalt er 150 m langs strandlinja, då utan moglegheit for utstikkar i sjøen. Alternativt kan det etablerast ein tydeleg kortare kai, med ein utstikkar/pir ut fjorden på maksimalt 50 m. Det skal ikkje vere fylling i sjø i samband med utstikkar/pir.

I reguleringsplan skal det leggjast særskild vekt på vurderingar og løysingar for å redusere dei negative landskapsverknadane ved etablering og drift. Det skal leggjast fram ein illustrasjonsplan som syner landskapspåverknaden, særskild med omsyn til den visuelle verknaden sett frå sjøen. I reguleringsplanprosessen skal verknaden for marint naturmangfald utgreiast, dersom det blir opna for etablering av kai.

Noverande areal for råstoffutvinning på g/bnr. 97/10 kan driftast vidare i samsvar med driftskonsesjon og føresegn 2.8.1.

2.8.5. Generelle føreseger for NÆ7, jf. pbl § 11-9 nr. 1 og nr. 8

I reguleringsplan skal det leggjast særskild vekt på mogelegheit for å redusere den negative verknaden på areal registrert som kjerneområde landbruk. Det skal etablerast eit grøntbelte/buffersone langs elva for å hindra ureining av vassdraget.

2.9. Idrettsanlegg, jf. pbl § 11-7 nr. 1

Føremålet omfattar skytebane på Tenne, Vik Aktivitetspark, Fresvik stadion, skiløype på Skard og område i Øvre Bødalen for Vik skisenter, lysløyper og alpinanlegg. Områda er viste på plankartet som IDR1 – IDR7.

2.9.1. Generelle føreseger for idrettsanlegg, jf. pbl § 11-10 nr. 1

Mindre tiltak kan tillatast utan reguleringsplan: rydding og opparbeiding av skiløyper og stiar, mindre bygg inntil 50 m² BYA, og mindre anlegg for idrett og friluftsliv. Avkøyring må avklarast med vegeigar.

2.10. Andre typar bygg og anlegg, jf. pbl § 11-7 nr. 1

Områda er viste på plankartet som ABA1-ABA7.

2.10.1. Generelle føresegner for naust, jf. pbl § 11-10 nr. 2

Naust er bygningar for oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskap. Dette er ikkje naust knytt til næringsaktivitet.

Det er ikkje høve til å omdisponera eller nytta naust som fritidshus eller bustad.

Når ikkje anna er fastsett i reguleringsplan eller kommuneplan gjeld fylgjande føresegner for naust:

- Naust skal ha største grunnflate 40 m² og saltak med takvinkel mellom 28 og 45 grader. Altan, utkraging, takoppløft eller ark er ikkje tillate
- Ytterflater skal ikkje ha reflekterande kledning
- Topp møne skal vere maksimum 5 meter frå lågaste golvnivå eller frå normalt høgvatn
- Vindaugsarealet si dagslysflate skal ikkje overstige 3 % av hovudplanet sitt bruksareal
- Det er ikkje tillate med gjerde/levegg eller andre stengsler ved naust
- Terrengingrep i samband med bygging skal avgrensast til det som er strengt naudsynt

2.10.2. Generelle føresegner for ABA4.1 (gbnr. 48/1), jf. pbl § 11-10 nr. 2

Trevegetasjonen langs vegen skal så langt mogleg takast vare på og ein skal unngå å fjerne ask.

2.10.3. Generelle føresegner for ABA4.2 (g/bnr. 2/1 m. fl.), jf. pbl § 11-10 nr. 2

Ev. behov for kai og båtplassar skal løysast som fellesanlegg. Naust bør grupperast. Areal mellom grupper av naust skal vere ålment tilgjengelege og bør opparbeidast og stå fram som friområde.

3. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, jf. pbl § 11-7 nr. 2

Føremålet omfattar offentlege vegar og større trafikk/parkeringsareal, hamner og tekniske anlegg. Nye vegar som ikkje er bygde (framtidige vegar), er viste på plankartet som V1-V7. Område for parkering er viste som P1-P7. Område for hamner er viste som H1-H7. Desse er vidareførte frå KPA14, berre gangvegen V4.1 er ny.

Opparbeiding og utviding av parkeringsplassar der det ikkje er reguleringsplan, eller krav om reguleringsplan, skal handsamast etter veglova. Vegeigar må kontaktast før avklaring.

3.1 Framtidige vegar i plankartet, jf. pbl § 11-9 nr. 8

Framtidige vegar er viste på plankartet med linjesymbol og områdenamn. Vist trasé er rettleiande. Endeleg trase skal avklarast i reguleringsplan.

Områdenamn	Veg
V4	Ny veg RV13 Bødalen-Tistel fram til planlagd Vikafjelltunell
V4A og V4B	Ny fylkesvegtrasé 5601 Vange Bru-Rv 13. 2 alternativ
V4	Ny gang- og sykkelveg langs Fv 5601 Vange bru-Vik Fengsel
V4	Ny gangveg mellom Ara bru og Fv 5600

V4	Ny gangveg langs Fv 5600 frå Hopra til avkøyrsla Prestvegen
V4.1	Ny gangveg (fortau) mellom Vik fengsel og Flatbygdi skule
V5	Ny adkomstveg Vangsnes kyrkje-Tråna
V5	Ny gang og sykkelveg Vangsnes-Vik (Tveiti-Vangsnes kai)
V6	Gang og sykkelveg langs Fv 5602 til skulen i Feios
V7	Gang- og sykkelveg Grundeland til sjøen i Fresvik

3.2 Avkøyrslar, jf. pbl § 11-10 nr. 4

Nye avkøyrslar eller utvida bruk av eks. avkøyrslar frå riks- og fylkesveg skal gjevast løyve til og godkjennast av regionalt eller nasjonalt vegmynde, avhengig av vegklasse. For fylkesveg skal dette og vurderast etter «Rammeplan 2021-2024 Haldningsklassar for avkøyrslar og dispensasjonar frå byggegrenser», dersom avkøyrslar ikkje er heimla i godkjent reguleringsplan. For riksveg 13 har Statens vegvesen eigne retningslinjer og normalkrav.

Ny avkøyrslar eller utvida bruk av eks. avkøyrslar frå kommunal veg skal godkjennast av Vik Kommune i medhald av Veglova § 40.

4. Grønstruktur, jf. pbl § 11-7 nr.3

Formålet omfattar friområde, park, naturområde og turdrag i/nær tettstad eller lokale sentra. Områda er viste på plankartet med respektive signaturar FRI1-FRI7, PA1-PA7, GN1 og BG4.

4.1. Generelle føreseger for grønstruktur, jf. pbl § 11-9 nr. 5

Områda kan i samsvar med føremålet opparbeidast og / eller leggast til rette for allmenn bruk og ferdsel, så langt råd med universell utforming. Tiltak ut over enkel tilrettelegging og mindre terrengarbeid skal vera avklara i reguleringsplan.

4.2. FRI4 – Brødrehaugane (g/bnr. 1/133 m. fl.), jf. pbl § 11-10 nr. 2

Innafor arealføremål er det eit gravfeltet som er automatisk freda. Det er ikkje tillate å sette i gang tiltak som kan verke inn på dei automatisk freda gravhaugane med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova.

Alle tiltak innanfor innafor det automatisk freda kulturminnet skal bli vurdert av Vestland fylkeskommune. Ved all planlegging av tiltak i gravfeltet sine omgjevnader skal det takast omsyn til kulturminne og tiltak skal leggast fram for regionalt kulturminnemynde for vurdering.

4.3. FRI7.1 – Skard, jf. pbl § 11-10 nr. 2

Omsyn til vassressurslova og kantvegetasjon skal vektast høgt.

4.4. PA5 – Fridtjovparken (g/bnr. 97/76), jf. pbl § 11-10 nr. 2

Innanfor føremålet er det to gravhaugar som er automatisk freda. Det er ikkje tillate å sette i gang tiltak som kan verke inn på dei automatisk freda gravhaugane med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova.

Alle tiltak innanfor innafor det automatisk freda kulturminne skal bli vurdert av Vestland fylkeskommune. Ved all planlegging av tiltak i gravfeltet sine omgjevnader skal det takast omsyn til kulturminne og tiltak skal leggjast fram for regionalt kulturminnemynde for vurdering.

5. Landbruks- natur- og friluftsområde, jf. pbl § 11-7 nr. 5

5.1. Landbruks-, natur- og friluftsområde, jf. pbl § 11-7 nr. 5, bokstav a

Føremålet gjeld landbruks- natur og friluftsområde med nødvendige tiltak for landbruk og gardsbasert næringsverksemd basert på garden sine ressursar.

5.1.1 Landbruks-, natur- og friluftsområde Vik Camping, gbnr. 1/48

Omsynssonene H570_1 og H730_1 skal sikre omsyn til gravhaugen (kulturminne-ID 45589) innanfor området og dei nære omgjevnadene, spesielt med tanke på siktelinja mot fjorden. Det er ikkje tillate med faste installasjonar i dette LNF-området på g/bnr. 1/48. Telting er tillate.

5.2. Byggegrense i strandsona for tiltak i landbruket, jf. pbl § 11-11 nr. 4

Naudsynte bygningar og anlegg knytt til aktiv landbruksverksemd kan oppførast i 100-metersbeltet langs sjøen dersom bygning vert plassert i tilknytning til eksisterande tun/gardsanlegg. Unntak frå plassering i tilknytning til eksisterande tun/gardsanlegg kan gjerast for tiltak som er knytt til bruk av sjøen.

Med bakgrunn i naturhendingar eller brann kan det gjevast løyve til restaurering eller nyoppføring av eksisterande bygningar og anlegg i 100-metersbeltet, med tilsvarande storleik og plassering, gitt att bygningen er påviseleg naudsynt for drifta. For slike tiltak gjeld elles søknadsplikt slik det går fram av kap. 20 i plan- og bygningslova.

5.3. Bygningar i stølsområde, jf. pbl § 11-11 pkt.1

- a. Oppføring av stølshus kan berre tillastast på/i tilknytning til etablerte stølar og i samband med landbruksnæring knytt til aktiv beitedrift (og tilsvarande).
- b. Bygningar med tilhøyrande anlegg skal i form, materialbruk og fargebruk vera i samsvar med lokal byggeskikk i stølsområde.
- c. Største byggegrunnflate for einskildbygg skal vere 60 m², og største gavlbreidde 5 m. Evt. produksjonsbygg kan vere større.
- d. Bygningar skal ha saltak med fall 25-40 grader, og tekking av ikkje-reflekterande materiale. Solcelle kan likevel tillastast.
- e. Største gesimshøgde er 3 m over terreng, og største mønehøgde 5 m. For bygningar på eksisterande grunnmur kan større høgder godkjennast.
- f. Ytterkledning skal i hovudsak vera liggjande panel av tre.
- g. Oppsetting av gjerde er ikkje tillate ut over naudsynt skjerming av inngangsparti for husdyr, og etablerte stølsgardar. Største inngjerda areal til skjerming av inngangsparti er 15 m².
- h. Gjerde skal vere utforma slik at dyr ikkje set seg fast. Straumgjerde er ikkje tillate.
- i. Med bakgrunn i naturhendingar eller brann kan det gjevast løyve til restaurering eller nyoppføring av stølshus med tilsvarande storleik og plassering.

5.4. Spreidd hyttebygging (LSF), jf. pbl § 11-11 nr. 2

5.4.1 LSF4 Fosse vest, LSF4 Fosse nord og LSF4 Hestavollen, jf. pbl § 11-11 nr. 2

Tiltak ved eksisterande fritidsbustadar kan tillatast gjennom handsaming av enkeltvise søknader.

Retningslinjer:

- a. Det er ikkje høve til oppføring av nye hytter/fritidshus i området.
- b. Med bakgrunn i naturhendingar eller brann kan det gjevast løyve til restaurering eller nyoppføring av hytter/fritidshus.
- c. Det er ikkje tillate med bygging av nye tilkomstvegar.
- d. Hyttestorleiken er avgrensa til maksimalt 60 m² bruksareal (BRA), ekskludert ev. uthus. Største høgde til gesims skal vere 3,5 m og største mønehøgde 6 m over ferdig terreng. Synleg del av grunnmur skal ikkje overstige 1 m.
- e. Det er avgrensa med eitt uthus per hytte, på maks 15 m² BRA. Avstanden frå hytta skal ikkje vere meir enn 6 m.
- f. Material- og fargeval skal stå i forhold til omgjevnadane. Ytterkledning skal vere i tre.
- g. Innlegging av vatn og avløp i hyttene er ikkje tillate (gjeld også avløp til tett tank). Framføring av evt. leidning for el/teleinstallasjonar skal skje i kabel lagt i bakken.
- h. Alle bygningar skal ha saltak, med takvinkel mellom 25 og 40 grader. Tak skal dekkast med ikkje reflekterande materiale. Solcellepanel kan likevel tillatast.
- i. Oppsetting av gjerde eller rekkverk er ikkje tillate ut over naudsynt skjerming av inngangsparti mot husdyr. Største inngjerda areal er 15 m². Rekkverk skal som hovudregel oppførast i tre. Det skal ikkje nyttast rekkverk av glas og aluminium el .I. Gjerde skal vere utforma slik at dyr ikkje set seg fast. Straumgjerde er ikkje tillate.
- j. Utebelysning skal avgrensast til inngangsparti, gjeld både hytte og ev. uthus.
- k. Det er ikkje tillate med tiltak som gjev negative verknader for villrein, m.a. med tanke på støy og lys.
- l. Det er ikkje tillate med tiltak som gjev negative verknader for våtmarksområde, vassdrag og viktige naturtypar, t.d. myr.

5.4.2 LSF4 Nordre Skjelingen, LSF4 Søre Skjelingen og LSF1 Hanekambneset og, jf. pbl § 11-11 nr. 2

Før det kan gjennomførast tiltak som krev søknad og løyve etter pbl §§ 20-1 og 20-2 må området detaljregulerast. Eventuelle gjerde skal vere utforma slik at dyr ikkje set seg fast. Straumgjerde er ikkje tillate.

5.5. Ferdsl i Fjellheimen villreinområde , jf. pbl § 11-11 nr. 6

Innafor føremålet skal ein ta omsyn til viktige funksjonsområde for villreinen. I tida 10.4 -1.7 skal det ikkje gjevast løyve til motorferdsel i kjende kalvingsområde. Unntak kan gjerast ved fare for liv og helse, og samfunnsinteresser av stor vekt.

6. Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørende strandsoner, jf. pbl § 11-7 nr. 6.

6.1. Byggegrense langs vassdrag, jf. pbl §11-11 nr. 5

Langs hovudelvane i Fresvik og Feios, i tillegg til Vikja og Hopra i Vik samt Dalselva og Botnelvi i Arnafjord er byggegrensa 30 m frå strandlinja målt horisontalt ved gjennomsnittleg flaumvasstand.

I 30- meterzona kan det ikkje setjast i verk bygge- og anleggstiltak for bustader, næringsbygg, landbruksbygg, fritidsbygg og veg.

Langs elvane Vikja og Hopra er byggegrensa 15 m på strekninga gjennom sentrumsområdet. Annan byggegrense kan fastsetjast i reguleringsplan.

6.2. Småbåthamn, jf. pbl § 11-9 nr. 1

Gjeld område avsette til småbåthamn med tilhørende kaiar, flytebrygger, naust og servicebygg, samt naudsynt manøverareal. For småbåthamner gjeld krav til reguleringsplan.

6.3. Fiske/låsetjingsplassar, jf. pbl § 11-11 nr. 3

Gjeld fiskeområde, låsetjingsplassar og / eller gytefelt / oppvekstområde for yngel.

I områda skal fiskeinteressene vektast høgt. Tiltak og aktivitet på områda som kan vera til hinder for fiske er ikkje tillate. Fiske skal ikkje vere til hinder for ferdsel i etablerte skipsleier i sjø, samt ankringsplassar.

6.4. Navigasjonsinstallasjonar, jf. pbl § 11-11 nr. 3 og 4

Vedlikehald, fjerning og nyetablering av navigasjonsinstallasjonar innanfor planområdet er tillat, jf. pbl. § 1-8, 4. ledd.

6.5. Friluftsområde i sjø, jf. pbl § 11-11 nr. 3 og 6

Gjeld område for friluftsliv i strandsona: bading, fritidsfiske, utfart og liknande.

Naturvenleg tilrettelegging for allmenne friluftssinteresser er tillate .

Tiltak som kan redusere verdien av området for friluftsliv er ikkje tillate.

6.6. Ferdsel og farleier, jf. pbl § 11-9 nr. 6

Gjeld etablerte skipsleier i sjø, samt ankringsplassar.

Tiltak og aktivitet på områda som kan vera til hinder for ferdsel er ikkje tillate.

Planlagde tiltak i nærleiken av skipsleier skal leggjast fram for Kystverket før løyve vert gjeve.

Innanfor ankringsområda vert det ikkje tillate med tiltak som er i konflikt med bruken av området til ankring. Til dømes kablar, røyr, leidningar og andre tiltak som kan vere til hinder for sikker forankring.

6.7. Akvakultur, jf. pbl § 11-11 nr. 7

Gjeld område for oppdrett av fisk og skaldyr i sjø.

Tiltak og aktivitet på områda som kan vera til hinder eller skade for formålet er ikkje tillate.

Tiltak etter særlover kan berre tillatast dersom aktiviteten kan skje utan forverring av miljøtilstanden i fjorden (resipient/vassførekomst), eller som kan redusere bestandstilstanden til vill anadrom fisk (laks og sjøaure), jf. pbl. §§ 11-9 nr.6, vassforskrifta §§ 4 og 12, lakse- og innlandsfiskeleva §§ 1, 2 og 7, naturmangfaldslova §§ 4, 5 og 13 (jamfør kvalitetsnorm for villaks). Tiltak kan heller ikkje vere til hinder for å nå miljømåla.

6.7.1 Akvakulturområda AKV5 og AKV6, jf. pbl § 11-11 nr. 7

Det kan ikkje etablerast akvakultur for laksefisk i områda.

6.7.2 Akvakulturområda AKV1, jf. pbl § 11-11 nr. 7

Det kan ikkje etablerast akvakultur for laksefisk eller torsk i områda.

7. Omsynssoner, jf. pbl § 11-8 a-f

Omsynssoner kjem i tillegg til planformålet, og fastset gjennom føresegn eller retningsliner kva for særlege omsyn som skal gjelda for tiltak i området.

I denne planen er soner under a, c, d og f tekne i bruk. Sjå omtale i kap. 3.7 .

Til sonar under a, d og f er det gjeve juridisk bindande *føresegner*.

Til viste soner under c) er det gjeve *retningsliner*. Sjå under.

7.1. Sikringssone, støysone, faresone, jf. pbl § 11-8 a.

7.1.1. Sikringssone for drikkevatn. H110

Omsynet til drikkevatn skal vere overordna alle andre samfunnsomsyn innafor sikringssona.

Det er ikkje tillate med tiltak som kan ureine drikkevatnet. Tiltak etter pbl § 1-6 er ikkje tillate, med mindre det har med forsyning av drikkevatn å gjere. Dei til ei kvar tid gjeldande klausular og reguleringsbestemmelser for drikkevassforsyning er gjeldande, for å betre leveringstryggleiken for nok og trygt drikkevatn.

I område nedslagsfelt for drikkevatn kan det ikkje setjast i verk tiltak etter pbl §1-6 utan godkjend reguleringsplan. Unntak er opprusting og utbygging med inntil 15 m² BRA av eks. fritidsbustad.

Fritidsbustad skal ikkje ha innlagt vatn eller avløpsanlegg til terreng eller vassdrag.

7.1.2. Støysoner

H210 Raud støysoner:

Innanfor raud støysoner (H210) kan det ikkje etablerast nye bustadhus eller andre bygningar med støyfølsam bruk.

H220 Gul støysoner:

Oppføring av busetnad i gul støysoner (H220) i senterområda er tillate dersom følgjande vilkår vert oppfylt:

- Alle bueiningar skal ha minst ein fasade, 50 % av opphaldsrom og minst eitt soverom mot stille side, der støygrenser vert tilfredsstilt
- Alle bueiningar skal ha tilgang til uteoppholdsareal der grenseverdiar for støy er tilfredsstilt

7.1.3. Faresone skred. H310

Sone avsett på bakgrunn av aktsemdskart frå NVE (omsynssoner H310_1) syner område med potensiell skredfare. Bygge- og anleggstiltak er ikkje tillate før det er kartlagd reell skredfare og gjennomført ev. naudsynte sikringstiltak slik at tilstrekkeleg tryggleik vert nådd.

Sone avsett på bakgrunn av utgreiing av kartlagd/reell skredfare (omsynssoner H320_2) syner område med skredfare innanfor tryggleiksklasse S1, S2 eller S3 (Byggteknisk forskrift). Bygge- og anleggstiltak er ikkje tillate før det er gjennomført ev. naudsynte sikringstiltak slik at tilstrekkeleg tryggleik vert nådd.

Sone for areal under marin grense (omsynssoner H310_3) syner område med potensiell fare for områdeskred. Fare for områdeskred skal avklarast i samsvar med NVE-retteljar 1/2019 i alle plan- og byggjesaker innanfor omsynssona.

Tilstrekkeleg tryggleik skal dokumenterast av fagkyndige.

7.1.4. Faresone flaum langs Vikja og Hopra. H320

Sone avsett på bakgrunn av aktsemdskart frå NVE (omsynssoner H320_1) syner område med potensiell flaumfare. Bygge- og anleggstiltak er ikkje tillate før det er kartlagd reell flaumfare og gjennomført ev. naudsynte sikringstiltak slik at tilstrekkeleg tryggleik vert nådd.

Innanfor sone avsett på bakgrunn av flaumfarekart frå NVE (omsynssoner H320_2) med kartlagd/reell flaumfare (sannsyn 1/200) er det ikkje tillate med tiltak i tryggleiksklasse F2 (Byggteknisk forskrift) før det er gjennomført sikringstiltak slik at tilstrekkeleg tryggleik vert nådd. Faresona i kommuneplankartet er generalisert, nøyaktig avgrensing må hentast ut av aktuell flaumfarerapport for Vikja og Hopra.

Tilstrekkeleg tryggleik skal dokumenterast av fagkyndige.

7.1.5. Faresone Eksplosjonsfare H350

Gjeld område rundt sprengstofflager H350 -1, 2 og 3

Tiltak innfor innfor faresona skal godkjennast av Direktoratet for brann- og eksplosjonsvern.

7.1.6. Faresone skytebane. H360

Gjeld fareområde rundt skytebana på Tenne, Arnafjorden IDR1.

7.1.7. Faresone høgspenningsanlegg. H370

Gjeld distribusjonsnett i kommunen. Alt anleggsarbeid og alle tiltak i terrenget innanfor omsynssona skal i forkant avklarast med leidningseigar. Minste byggeavstand går fram av føresegn 1.8.

7.2. Omsynssoner for landbruk, reindrift, mineralressursar, friluftsliv, landskap, bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø, jf. pbl § 11-8 c.

7.2.1. Omsyn landbruk. H510

Omsynssone for landbruk utgjer kjerneområde for landbruk, for matproduksjon og kulturlandskap.

Retningslinje: Ved vurdering av planar eller ved søknad om tiltak bør det leggjast avgjerande vekt på å ivareta landbruksinteressene som til dømes dyrka jord, kulturlandskap og kulturminne.

7.2.2. Omsyn landskap. H550

Retningslinjer: Kulturlandskapet skal forvaltast slik at kulturminne og kulturmiljø, biologisk verdifulle miljø, jordbruksareal, tilgjenge og den visuelle opplevinga av landskapet vert oppretthalde som grunnlag for landbruk, kunnskap, oppleving, verdiskaping, rekreasjon og friluftsliv. Landskapsverdiane skal leggjast til grunn for handsaming av enkeltsaker innanfor området. Konsekvensane av varige fysiske inngrep skal synleggjerast.

Saker som vedkjem kulturmiljø og bygningsvern av prinsipiell karakter (inkludert dispensasjonssaker) skal sendast regional kulturminneforvaltning for uttale.

7.2.3. Omsyn naturmiljø. H560

Karbonrike areal H560_1

Omsynssona svarer til myrareal på arealressurskartet (AR5).

Retningslinje: Det bør ikkje gjerast inngrep av omsyn til klimagassutslepp.

Gjeld område H560_2 Villreinområde for Fjellheimen

Innanfor omsynssonene skal all aktivitet tilpassast villreinen sitt behov.

Innanfor omsynssonene for regionalt villreinområde H560 gjeld føresegner og retningsliner i alltid gjeldande Interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde.

Gjeld område H560_3 Kongsvatnet. Ca 4,5 km²

Området omfattar mange naturtypar med høg kvalitet, og er eit viktig område for friluftsliv.

Retningslinje: I området kan det tillatast enkle tiltak for tilrettelegging for friluftsliv. Aktuelle tiltak er skilting av sti og informasjonsskilt.

Gjeld område H560_4 Skarstjørni

Området omfattar mange naturtypar med høg kvalitet, og er eit viktig område for friluftsliv. Omsyn til vassressurslova og kantvegetasjon skal vektast høgt. Innanfor omsynssona er det ikkje høve til nye tiltak, irekna opparbeiding av nye stiar, men ein vil kunne lage løype på snø.

Retningslinje: I området kan det tillatast enkle tiltak for tilrettelegging for friluftsliv. Aktuelle tiltak er skilting av sti og informasjonsskilt.

7.2.4. Omsyn kulturminne, -miljø og -landskap. H570

Omsynssone kulturmiljø er område med særskilde kvalitetar knytt til kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap.

- a. Kulturminneplan for Vik kommune skal leggjast til grunn ved vurdering av planar eller ved søknad om tiltak. Det bør leggjast avgjerande vekt på å ivareta desse interessene
- b. Saker som gjeld midlertidig eller permanente tiltak i omsynssona skal leggjast fram for regionalt kulturminnemynde for vurdering
- c. I føresegnsområdet #1 Tveit camping er det ikkje tillate å føre opp faste installasjonar. Teltning er tillate. Føresegnsområdet skal sikre omsynet til gravhaugen som automatisk freda kulturminne i området, inkludert siktelinja frå gravhaugen og ut fjorden
- d. I føresegnsområdet #2 Vange skal det med omsyn til gravhaugane i omsynssona ikkje plasserast bygningar innanfor føresegnsområdet

7.2.4.1 Omsynssone H570_1 Vange gbnr. 2/7 m. fl.

Det skal sikrast utsyn frå gravhaugane og mot fjorden. Det er ikkje tillate med utbyggingstiltak tett opp til gravhaugane.

7.2.4.2 Omsynssone H570_1 Vik camping gbnr. 1/48

Omsyn til gravhaugen (kulturminne-ID 45589) skal sikrast. Dette gjeld dei nære omgjevningane til gravhaugen, spesielt med tanke på siktelinja mot fjorden. Det er ikkje tillate med faste installasjonar. Teltning er tillate.

7.2.5. Omsyn mineralressursar. H590

Omsynssone for mineralressursar gjeld grus- og pukkrressursar.

Sjå føresegn 1.15.

7.3. Bandlagde område etter pbl eller anna lovverk, jf. pbl § 11-8 d

7.3.1. Bandlegging etter Naturmangfaldslova. H720

Gjeld område i Vik kommune som er verna etter Naturmangfaldslova:

H720_1 Stølsheimen landskapsvernområde

H720_2 Nærøyfjorden landskapsvernområde,

H 720_3 Eiterstrondi naturreservat.

Tiltak i områda skal ikkje vera i strid med gjeldande føresegner for områda.

7.3.2. Bandlegging etter Kulturminnelova. H730

7.3.2.1 Automatisk freda kulturminne. H730_1

Automatisk freda kulturminne vist som omsynssone d) (SOSI-kode H730) er bandlagt etter kulturminnelova. Det er ikkje tillate å sette i gong tiltak som er eigna til å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme dei automatisk freda kulturminna eller framkalle fare for at dette kan skje. Ein eventuell søknad om løyve til inngrep i et automatisk freda kulturminne eller inngrep som kan ha verknad på kulturminna, skal sendast til fylkeskommunen i god tid før arbeidet er planlagt igangsett.

7.3.2.2 Kyrkjestadar frå mellomalder. H730_2

Den mellomalderske kyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging. Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova.

7.3.3. Bandlegging høgspent H740

Det er ikkje tillate med ny bebyggelse innanfor omsynssona. Alt anleggsarbeid og alle tiltak i terrenget innanfor omsynssona skal i forkant avklarast med leidningseigar.

7.4. Område der eksisterande reguleringsplan skal gjelda, jf. pbl § 11-8 f.

7.4.1. Sone for vidareføring av reguleringsplan H910

Gjeld område der eksisterande reguleringsplanar skal gjelda uendra.

Plannamn	Vedteke	Plan-ID
Detaljregulering Rinde og Fedjane	10.02.2022	4639-2020001
Tenål alt. 2	16.02.2017	1417-2014002
Detaljregulering for Blix Hotell m.m.	24.09.2019	1417-2012001
Vikja – Seimsvegen	15.02.2018	1417-2014007
Øenmarki	14.09.2017	1417-2016004
Hovsviki	06.04.2017	1417-2013001
Reguleringsplan Rv13 – Bøadalen – Tistel	24.04.2013	1417-2012005
Anleggsveg Bøadalen	16.02.2017	1417-2016001
Massedeponi	16.02.2017	1417-2016002
Badnadalen	12.12.2016	1417-2014003
Reguleringsplan Sæbo 2	15.09.2016	1417-2015004
Detaljreguleringsplan for Hesjasletta	15.09.2016	1417-2014004
Detaljregulering Kleivi	15.09.2016	1417-2015003

Galilea	26.11.2015	1417-2014005
Reguleringsplan Goteviktunnelen del1	09.02.2015	1417-2014001-1
Reguleringsplan Goteviktunnelen del2	09.02.2015	1417-2014001-2
Reguleringsplan Goteviktunnelen – under grunnen	09.02.2015	1417-2014001
Hytteområde Hagane	22.05.2014	1417-2013002
Detaljregulering Sæbø 1	28.08.2012	1417-2012004

8. Retningslinjer

Retningslinjene under legg føringar for handsaming av plan og byggesaker for administrasjonen og politiske utval. Retningslinjene kan ikkje brukast som sjølvstendig heimel for vedtak.

8.1. Skilt og reklameinnretningar

Føresegn 1.6, saman med *retningsliner* under, erstattar tidlegare skiltvedtekter for Vik kommune.

Desse retningslinjene skal leggjast til grunn ved handsaming av søknader om oppsetting av skilt og reklameinnretningar etter pbl § 30-3.

1. Hovudmål for retningslinjene er å få ein samstemt skikk for skilting i Vik kommune som formidlar budskap på ein god måte utan å dominera det visuelle miljøet
2. Skilt skal vera tilpassa farge og hovudoppdeling på det aktuelle bygget og nabobygg
3. Skilt bør som hovudregel plasserast på hovudfasade i tilknytning til dør eller vindauge, i etasjeskilje mellom 1. og 2. etasje
Skilt skal ikkje vera samanhengande over fasaden
4. Skilt skal plasserast slik at dei ikkje er til fare eller ulempe for forbi-passerande
5. Skilttekst bør vera på nynorsk
Bruk av enkle symbol som framhevar budskapet vert tilrådd
6. Uthengsskilt, og skilt målte på fasaden vert tilrådd som hovudalternativ
Lysskilt med skjerming der berre tekst og /eller symbol lyser kan og vera eit bra alternativ

8.2. Dispensasjon for bustadbygging i LNF-område.

Etter dispensasjon kan det opnast for bygging av bustader i LNF-område, når det ikkje er i strid med viktige samfunnsinteresser, og når omsyn til busetting talar for det, og vilkåra etter pbl §§ 19-1 og 19-2 elles er oppfylt.

Ved søknader om dispensasjon for bygging av bustader i LNF-område skal fylgjande retningsliner gjelda for sakshandsaming:

8.2.1. Sonedeling av kommunen.

I Vik og Vangsnes sokn bør det som hovudregel ikkje opnast for bygging utan reguleringsplan. I Arnafjord, Feios og Fresvik sokn kan det opnast for dispensasjon for bustadbygging utan reguleringsplan. I det følgjande er det gjeve minimumskrav til innhald i søknad om slik

dispensasjon etter pbl §§ 19-1 og 19-2, som skal ligge til grunn for administrativ og politisk handsaming.

8.2.2. Minimumskrav til innhald i søknad om dispensasjon.

1. Tiltaket omfattar inntil 2 bueningar.
2. Det skal dokumenterast at tiltaket, inkludert vegtilkomst, ikkje leiar til vesentleg tap av dyrka jord.
3. Tomt, bygningar og tilkomstveg skal plasserast og utformast slik at det ikkje fører til vesentlege ulemper for landbruksdrift eller annan næring.
4. Tomt, bygningar og tilkomstveg skal plasserast og utformast med særskild omsyn til naturmangfald, landskapstilpassing og strandsone.
5. Det må dokumenterast godkjent og forsvarleg løysing for vassforsyning og avløp.
6. Tomter skal ikkje frådelast nærare enn 30 meter frå vassdrag.
7. Det skal ikkje gjevast løyve til tiltak som kjem i konflikt med verdifulle kulturminne eller forstyrar heilskapen i verdifulle kulturlandskap.
8. Ved frådeling skal alternativ plassering av tomt vurderast.
9. At vilkåra i pbl § 19-2 for å gje dispensasjon er oppfylte.
10. Eksisterande avkøyring(ar) frå riksveg skal nyttast. Om ikkje skal det dokumenterast at dette ikkje er mogleg å få til. Avkøyring må vere i tråd med vegnormal N100 Veg- og gateutforming.
11. Krava ovanfor er ikkje uttømande.

8.2.3. Krav til dokumentasjon i søknad:

- dokumentasjon på at området er trygt for skred/flaum
- løysing for vassforsyning og avlaup
- detaljert utomhusplan utarbeidd av fagkunnige, som syner tomtedeling, plassering og hovudform på bygningar, veg- og parkeringsløysing (inkl. avkøyrsele), høgder på terreng og bygg, markdekke og leidningstrasear

8.3. Samfunnstryggleik. Risiko og sårbarheit (ROS), jf. pbl § 11-9 nr. 4 og 8

- I plan- og byggesaker skal ROS-analyse brukast for å avklara om arealet er eigna til utbyggingsformål, og om planlagt bruk er forsvarleg.
- ROS-analysar skal ta høgde for fylgjer av framtidige klimaendringar og pårekna havnivåstigning.
- Det skal gjerast ROS-analyse for alle nye tiltak under kote 3,5 i tryggleiksklasse F1, og for alle nye tiltak under kote 4 i tryggleiksklasse F2 og F3.
- For tiltak langs vatn og vassdrag skal eit tryggleiksnivå tilsvarande 200-års flaum med klimapåslag leggjast til grunn.
- For tiltak som ligg i områder med potensiell fare for steinsprang og/eller snøskred slik det går fram av arealplankartet til kommuneplanen, skal det utførast fagkunnige utgreiingar og eventuelle sikringstiltak før området kan godkjennast for bygging og tiltak kan setjast i verk.

9. Føresegningsområde

Følgjande område er sett av som føresegningsområde:

- #1 Tveit camping på 4,7 daa knytt til FTU5 Tveit camping og omsynssone H570_1
- #2 Vange, 0,9 daa knytt til T4 Utviding Vik fengsel og omsynssone H570_1